



Magnar Askeland  
Rosslandsvegen 293  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4586 - 15/21601

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
02.12.2015

## Godkjenning av søknad om utvida frist til jordpåfylling og planering av jordbruksareal på Mjåtveit, Gbnr. 22/4

**Administrativt vedtak. Saknr: 428/2015**

### Saksutgreiing:

Vi syner til brev dagsett 24.11.2015

Magnar Askeland fekk i saknr. 106/2015 løyve til påfylling og planering på 11 daa jordbruksareal på Mjåtveit. Frist for ferdigstilling av arbeidet vart sett til 01.09.2015. Det ble godkjent å fylle på reine stein- og jordmassar for å oppretthalde arealet for maskinell innhausting. Arbeidet er godt i gang og det manglar noko fastare jordmasser som topplag på eit mindre område. Søkjar opplyser at det har til dels vore vanskeleg å få tak i egna massar til topplag i år. Det har også vore klimatiske utfordringar med mykje nedbør. Dei har unngått graving og kjøring i massane dei mest nedbørsrike periodane. Det har blitt gjennomført fleire tiltak for å unngå avrenning og for å styre overflatevatn unna området. Det har blitt bygd ein voll rundt området som er sådd til og avskjæringsgrøfter mot høgareliggende område. Området har blitt tilsådd og nytta som kalvebeite i sommar og haust. Berre 0,5 daa vart ikkje lagt grønt, dette skuldast at ein sårbar vadefugl hadde lagd reir og ruga på bakken.

Framdriftsplanen for området nå er få lagt på dei siste jordmassane og forgrøfte hele feltet. Vidare vil arealet verte sådd til så snart som dette vil vere gjennomførbart. Søkjar har planlagt at arealet skal vere ferdig fylt på og grønt i løpet av vekstsesongen 2016.

### Vurdering:

Det har vore store utfordringar som følgje av nedbør i år og det er difor veldig viktig at ein får lagt egna jordmassar som topplag ved jordpåfylling. Dette for å unngå avrenning, men også for at arealet skal bli egna som slåttemark vidare framover. Magnar Askeland har gjennomført dei tiltaka som skulle gjerast for å hindre avrenning, og framdrifta på tiltaket har vore god. Tiltaket har blitt utført som vist i søknad og vilkåra som vart sett i løyvet er følgd opp. Administrasjonen har synfart området ved fleire høve, og ser at påfyllinga og arbeidet er i stor grad gjennomført. Det som manglar av massar og planlagt forgrøfting er av mindre omfang enn det som er gjennomført. Vidare opplyser søkjar at når massane er ferdig segne skal arealet grøftast permanent. Administrasjonen meiner at dette vil vere på lik linje som vedlikehaldsgrøfting på jordbruksareal.

Administrasjonen har vurdert ei forlenging av frist for ferdigstilling i medhald av naturmangfaldslova §§ 8-12 (NML). Det er ikkje registrert spesielle miljøverdiar på det aktuelle arealet. Det er registrert spesielle naturverdiar i nærleiken av området. Det er registrert ein rekkje fugleartar i Mjåtveitelva sine kantsoner. Området ligg ut mot Mjåtveitelva, og nedstraums er det registrert rik sumpskog og elvemusling (NML § 8). Det har ved gjennomføringa av tiltaket vorte gjort fleire tiltak for å hindre avrenning. Då det vart oppdaga fleire hekkande vipepar, som er i kategorien sterkt trua på norsk raudliste, ble det tatt omsyn og hekkinga vart vellykka. På bakgrunn av kunnskapen om naturverdiar i området og dei gjennomførte tiltak for å hindre avrenning, er det ikkje grunnlag for å nytta seg var føre-var prinsippet (NML § 9). Ein har vurdert at ei forlenging av fristen vil ikkje auke den samla belastninga på området. Tiltaket er i stor grad utført, og det er mindre moment som gjenstår (NML § 10). Naturmangfaldslovas §§ 11 og 12 er ikkje aktuelle i dette tilfellet. I ei samla vurdering meiner administrasjonen at ei forlenging av fristen ikkje vil vere i strid med NML §§ 8-12.

Administrasjonen konkluderer med at tiltaket er gjennomført som omsøkt, og at det er mindre ting som gjenstår. Det har vore utfordringar for framdrifta til tiltaket og det skuldast vær og mindre tilgang på egna massar. Dette er moment som er vanskeleg å føresjå og detaljplanleggje. Vidare vil administrasjonen leggje vekt på at Magnar Askeland har vore nøye med å gjennomføre tiltak for å hindre avrenning og at arealet har vore grønt og nytta som beite i år. Administrasjonen meiner at ei forlenging av fristen vil vere viktig for å få eit godt areal som kan nyttast som slåttemark i tida framover.

## **Vedtak**

«Meland kommune gjev Magnar Askeland forlenging av frist for gjennomføring av jordpåfylling og planering av jordbruksareal på Gbnr. 22/4 på Mjåtveit. Løyvet gjeld berre for omsøkt areal avmerka på kart og skal gjennomførast etter vilkår sett i vedtak 106/2015.

Ny frist for gjennomføring er satt til 01.09.2016.

Vedtaket har heimel i Forksrift om begrensning av forurensning kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt.»

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakere:**

Magnar Askeland

Rosslandsvegen 5918  
293

FREKHAUG

